



Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Førdehuset, Førde
Dato: 30.03.2017
Tidspunkt: 10:00 – 13:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	
Håkon Myrvang	Medlem	
Iris Loftheim	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunhild Berge Stang	MEDL	
Leidulf Rygge Bogstad	MEDL	

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Erlend Hauge Herstad	Gunhild Berge Stang	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/2017	Godkjenning av protokoll frå førre møte		
RS 1/2017	Orienteringssaker		
ST 3/2017	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om å sette opp bruer		2017/825
ST 4/2017	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - søknad om å sette opp grindbygg		2017/825
ST 5/2017	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om løyve til å bygge gjetarhytte		2017/922
ST 6/2017	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - skjøtselsplan for støyismiljøa		2017/1199
ST 7/2017	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidlar		2017/1199
ST 8/2017	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Besøksstrategi		2017/1199
ST 9/2017	Eventuelt		

ST 1/2017 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.03.2017

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent

ST 2/2017 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå førre møte vert godkjent og signert

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.03.2017

Vedtak

Protokoll frå førre møte vart godkjent og signert.

RS 1/2017 Orienteringssaker

- Søreide og Ryssdal beitelag har fått løyve til å transportere saltstein med snøskuter i beiteområda i Jardalen og rundt Vardevatnet. Løyvet vart gjeve med delegert mynde. Det vart lagt vilkår til løyvet av omsyn til villrein.
- Nils Magne Gjengedal har fått løyve til å transportere materialar til naustet i Måsevassdalen. Løyvet gjeld inntil to turar med snøskuter eller med ATV med belte. Det vart lagt vilkår til løyvet av omsyn til villrein. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Grunneigarane i Ryssdal har fått løyve til å bruke snøskuter til å transportere materialar til klopplegging innover Ryssdalen. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	3/2017	30.03.2017

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om å sette opp bruer

Saksprotokoll ST 3/2017 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.03.2017

Vedtak

Mardal og Fitje Sankelag får løyve til å sette opp to bruer ved Stoa i Langedalen, som synt på kart.

Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.3.g), og gjeld på følgjande vilkår:

- Bruene skal ha maksimalt 7 m bruspen og elles vere i tråd med skisser som var vedlagt søknaden.
- Det skal leggast vekt på at bruene skal passe inn i landskapet og ikkje vere meir synlege i terrenget enn naudsynt.
- Eventuelle fundament skal lagast av stadeigen stein. Det skal ikkje takast stein frå ruin av gammal gjetarhytte i Stoa.
- Etter at bruene er sett opp skal tiltaket dokumenterast med bilete og sendast til verneområdeforvaltar.
- Sankelaget skal fjerne alt av søppel, kapp og utstyr etter at bruene er bygd.

Framlegg til vedtak frå verneområdeforvaltaren:

Mardal og Fitje Sankelag får løyve til å sette opp to bruer ved Stoa i Langedalen, som synt på kart.

Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.3.g), og gjeld på følgjande vilkår:

- Bruene skal ha maksimalt 7 m bruspenn og elles vere i tråd med skisser som var vedlagt søknaden.
- Det skal leggast vekt på at bruene skal passe inn i landskapet og ikkje vere meir synlege i terrenget enn naudsynt.
- Eventuelle fundament skal lagast av stadeigen stein. Det skal ikkje takast stein frå ruin av gammal gjetarhytte i Stoa.
- Etter at bruene er sett opp skal tiltaket dokumenterast med bilete og sendast til verneområdeforvaltar.
- Sankelaget skal fjerne alt av søppel, kapp og utstyr etter at bruene er bygd.

Dokument i saka:

- Søknad om å sette opp bruer frå Mardal og Fitje Sankelag
- Skisse over bruene
- Kart
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Søknaden

Mardal og Fitje Sankelag søker om å få sette opp to bruer ved Stoa inst i Langedalen i Gloppen. Våren 2016 gjekk det eit ras i området som øydela råsa som går innover på nordaustsida av dalen. Etter dette raset vart det derfor mykje vanskelegare for sauene å kome til delar av beiteområdet.

Sankelaget har mykje dyr på beite i dette området og vil gjerne nytte beitet optimalt. Dei søker derfor om å få sette opp to bruer, ein på kvar side av raset.

Bruene som sankelaget vil bygge skal begge vere 7 meter lange. Bruspenntet skal ha konstruksjon i H-bjelkar av står og «golvet» vert i 2'' x 8'' treverk. Plassering av bruene går fram av vedlagt kart.

Regelverk

Oppføring av nye installasjonar og andre inngrep i landskapsvernområdet er i utgangspunktet forbode. Men det er likevel opna for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til å sette opp enkelte installasjonar til visse føremål.

Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, § 3 pkt 1.3.g):

1.3. *Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

[...]

g) *Bygging av bruer og klopper som er naudsynte i samband med beitebruk og friluftsliv.*

Det er med andre ord heimel i verneforskrifta for å gje løyve til bygging av bruer slik som det er søkt om. Merk at motorisert transport av materialar og/eller bruer inn i landskapsvernområdet må søkast om. Merk og at grunneigar(ar) må gje løyve til bygging og plassering av bruene.

Vurdering

Beitenæringa og den rolla beitedyra har for å ta vare kulturlandskapet i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er veldig viktig. Området har ein lang tradisjon som beiteområdet, og beiting har vore med på å forme det landskapet som no er verna. Forvaltninga av verneområdet har som praksis å legge til rette for beitenæringa innanfor dei rammene som regelverket set for aktivitet og tiltak i landskapsvernområdet.

Det å sette opp bruer for å sikre at beitedyra kjem seg trygt fram og kan utnytte beiteområda er eit fornuftig og logisk føremål. Oppsetting av slike bruer er meir detaljert omtala i forvaltningsplanen:

Tillate etter søknad:


- Bygging av bruer og kloppar som er naudsynte i samband med beitebruk. For definisjon av «naudsynt», sjå ovanfor. Utforming, materialbruk og plassering av bruer skal vere slik at dei ikkje vert meir synlege og framtrekande i landskapet enn naudsynt. I tillegg bør dei byggast slik at dei er haldbare over tid og tåler vind, ver og stor vassføring.

Definisjon på «naudsynt»:

Med «naudsynt» meinast her at ein kan sette opp og bruke dei innretningar som trengs for å handtere dei beitedyr ein har i området, men ikkje større og meir omfattande enn det som trengs i høve til dyretalet.

Verneområdeforvaltninga ser på tiltaket som innanfor dei rammene som både verneforskrifta og forvaltningsplanen set for kva som er naudsynt og kva som ein kan gje løyve til. Tiltaket framstår som eit fornuftig og nyttig tiltak som gjer til at beiteressursane kan nyttast på ei trygg og god måte både for beitedyr og brukarar under tilsyn og sanking.

Alle innretningar og installasjonar som skal settast opp i eit verna og/eller urørt område bør ha utforming og plassering som gjer dei lite synlege og tilpassa landskapet. Mellom anna gjennom å ikkje lage dei større enn kva som er naudsynt. Det er heller ikkje i sankelaget si interesse å bygge bruene større enn kva som trengs, for å unngå at kostnader til materialar og transport vert større enn dei treng å vere. Teikningane og skildringane som sankelaget har presentert i samband med søknaden verkar til å vere fornuftige. Bruene skal ha same utforming, dei skal vere 7 m lange og om lag 1,5 m breie. Sankelaget bør legge vekt på å velje plassering som er tilpassa terrenget slik at bruene vert so lite synlege i landskapet som muleg. I eit landskapsvernområde er føremålet å ta vare på landskapet sin art og karakter, og då må ein legge vekt på slike omsyn. Vert dette omsynet godt vektlagt, so er prinsippet om mest skånsame lokalisering i naturmangfaldlova (nml) § 12 oppfylt.



Figur 1. Plassering av bruene (X) i Langedalen.

Bruene er tenkt plassert på begge sider av det omtala raset ved Storeset og Stoa inst i Langedalen. Omtrentleg plassering er markert med «X» i figur 1. Området er sjekka ut gjennom karttenesta Fylkesatlas og temakarta her (jamfør krav om kunnskapsgrunnlaget i nml § 8) Registreringane i fylkesatlas syner at den inste brua vil ligge i eit område med kalkrik grunn med verdi B-Viktig (grøn stipla linje i figur 1) . Oppsetting av ei bru vil ikkje påverke den lokaliteten. I området er det og i følgje SEFRAK-arkivet ruin etter ei gjetarhytte. Det er muleg denne allereie er øydelagt av raset, men om den framleis står der skal den ikkje røyvast. Det er til dømes ikkje lov å bruke stein frå ruinen til fundament eller liknande.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er ikkje relevante i denne saka.

Verneområdeforvaltaren vurderer det slik at det er heimel til å gje løyve til det som vert søkt om, og at det er fagleg og juridisk akseptabelt å gje løyve til å sette opp desse to bruene. Det bør likevel leggast vilkår til eit eventuelt løyve slik at ein sikrar at bruene passar inn i landskapet og ikkje vert meir synlege enn naudsynt.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	4/2017	30.03.2017

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - søknad om å sette opp grindbygg

Saksprotokoll ST 4/2017 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.03.2017

Vedtak

Fitje og Mardal Sankelag får løyve til å føre opp grindbygg ved sankekvia ved Fitjestøylen i tråd med innsendt søknad og skisser.

Løyvet er heimla i verneforskrifta § 3 pkt 1.3.c) og gjeld på desse vilkåra:

- Bygget skal oppførast slik det er skildra i søknaden, med liggande kledning og torvtak. Det skal ikkje nyttast ukanta «villmarkskledning».
- Det skal nyttast stadeigen torv på taket.
- Dersom bygget skal målast eller beisast, skal verneområdeforvaltar godkjenne fargevalet.
- Bygget skal vere ferdigstilt innan 2 år.
- Når bygget er ferdig skal det dokumenterast med foto frå alle vinklar som vert sendt til verneområdeforvaltar.
- Sankelaget er ansvarleg for å rydde skikkeleg opp etter bygginga. Det skal ikkje ligge søppel, kapp eller utstyr att på byggeplassen.
- Sankelaget er ansvarleg for naudsynte løyver til bygging frå kommune og grunneigar.

Framlegg til vedtak frå verneområdeforvaltar:

Fitje og Mardal Sankelag får løyve til å føre opp grindbygg ved sankekvia ved Fitjestøylen i tråd med innsendt søknad og skisser.

Løyvet er heimla i verneforskrifta § 3 pkt 1.3.c) og gjeld på desse vilkåra:

- Bygget skal oppførast slik det er skildra i søknaden, med liggande kledning og torvtak. Det skal ikkje nyttast ukanta «villmarkskledning».
- Det skal nyttast stadeigen torv på taket.
- Dersom bygget skal målast eller beisast, skal verneområdeforvaltar godkjenne fargevalet.
- Bygget skal vere ferdigstilt innan 2 år.
- Når bygget er ferdig skal det dokumenterast med foto frå alle vinklar som vert sendt til verneområdeforvaltar.
- Sankelaget er ansvarleg for å rydde skikkeleg opp etter bygginga. Det skal ikkje ligge søppel, kapp eller utstyr att på byggeplassen.
- Sankelaget er ansvarleg for naudsynte løyver til bygging frå kommune og grunneigar.

Dokument i saka:

- Søknad om å sette opp grindbygg i samband med sankekvie ved Fitjestøylen.
- Skisse over grindbygget
- Kart
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Søknaden

Mardal og Fitje Sankelag søkjer om å få sette opp eit grindbygg i samband med sankekvia dei har sør for Fitjestøylen i Gloppen, innanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Føremålet med bygget er å lagre grinder og anna utstyr som vert nytta i og ved sankekvia i samband med sanking av sau på hausten.

Grindbygget skal oppførast som tradisjonelt grindbygg med 4x4 m grunnflate, mønehøgde på 3,5 m, liggande kledning og torvtak. Vedlagt med søknaden ligg skisse som syner korleis bygget skal utformast. Bygget skal stå i sørenden av sankekvia som synt i flybiletet nedanfor.



Regelverket

Oppføring av nye bygningar er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet. Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til at det vert ført opp bygningar til visse føremål og innanfor visse rammer. Landbruksverksemd er eit av desse føremåla.

Verneforskrifta § 3:

1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

[...]

c) Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift som ikkje er i strid med verneformålet i samhøve med forvaltningsplanen etter § 5. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.

Det er altså heimel i verneforskrifta til å gje løyve til tiltaket, dersom forvaltningsstyresmakta definerer bygget som «naudsynt».

Vurdering

Forvaltningsstyresmakta må gjere to vurderingar i denne saka. Først må ein vurdere om grindbygget er definert som «naudsynt» for beitebruken til sankelaget, og derfor kan handsamast etter den aktuelle heimelen i verneforskrifta. Deretter må ein gjere ei fagleg og skjønsmessig vurdering om det er tilrådeleg å gje løyve til bygging av grindbygget.

Det er vanskeleg å definere kva som er absolutt naudsynt og ikkje for beitebruken i eit område. Det er nok ikkje slik at beitebruk i området vil verte lagt ned utan eit slikt bygg. Likevel vil

bygget vere nyttig og viktig for sankelaget, eller so hadde dei ikkje tatt seg bryet med planlegging og gjennomføring av tiltaket. Føremålet med bygget er å lagre grinder og anna utstyr som vert nytta i sanking og i sankekvia, utanfor sesongen. Det å kunne lagre slikt under tak vil redusere behovet for transport til og frå. Lagring i eit bygg vil nok og gjere til at grindene held gjennom fleire år enn dersom dei vert lagra ute. Bygget vil altså bringe fleire positive ting med seg både for beitebrukarane og for verneverdiane. Det er derfor verneområdeforvaltaren si meining at grindbygget kan definerast som naudsynt, og at verneområdestyret kan vurdere eit løyve etter heimelen i verneforskrifta.

Det å føre opp nye bygningar i eit landskapsvernområde er, og skal vere, strengt regulert. Sjølv om det er heimel i regelverket for å gje løyve, er det ikkje noko automatikk i at løyve skal gjevast. I tillegg til det juridiske skal det gjerast ei fagleg vurdering. Det skal og, jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, gjerast ei vurdering av saka opp mot prinsippa i nml §§ 8-12.

I forvaltningsplanen for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er oppføring av nye bygningar i samband med landbruksdrift omtala på side 55:

Tillate etter søknad:

- Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift, og som ikkje er i strid med verneføremålet. Denne regelen vil i hovudsak gjelde oppføring av stølshus i eksisterande støylmiljø og oppføring av gjetarhytter. Stølshus og hytter må vere knytt til aktiv landbruksdrift og bygningane må vurderast som naudsynte for å kunne halde landbruksdrift (som regel snakk om beitebruk) på eit ønska nivå. Bygningane bør lokalisast til områder kor der er bygningar frå før. Gjetarhytter skal vere knytt til sankelag/beitelag eller liknande.

Bygget skal ligge i tilknytning til sankekvia (eit inngjerda område for samling og sortering av sau under sankinga). Om lag 100 m mot nordaust ligg det eit par hytter, og 300-400 m mot nord ligg sela på Fitjestøylen. Det er altså eit område som allereie er eit bygnings- og støylmiljø med mange bygningar. Eit grindbygg med det storleik og utforming som det er her søkt om, vil derfor passe naturleg inn i miljøet. Samla belastning på området (jamfør nml § 10) vil ikkje auke nemneverdig og mest skånsame lokalisering (jamfør nml § 12) er valt. Bygget vil vere knytt til aktiv landbruksdrift, og dette med «naudsynt» har vi allereie greia ut om.

Verneområdeforvaltaren vurderer det slik at søknaden om oppføring av bygget er i tråd med retningslinjene i forvaltningsplanen.

Bygget skal oppførast som eit grindverksbygg på 4x4 m, med liggande kledning og torvtak. Grindverksbygg er «frå gammalt av» tradisjonell byggeskikk for driftsbygningar i landbruk. Liggande kledning (rettskoren) er det som er vanleg å bruke i støylmiljø. Materiale på taket kan variere frå støyl til støyl, men på Fitjestøylen og hyttene som ligg i nærleiken av støylen er det utelukkande brukt torvtak. Bygget det er søkt om å sette opp er altså tilsynelatande i tråd med lokal byggeskikk. Det kan likevel verte aktuelt å legge vilkår til eit eventuelt løyve for å sikre at det ferdige bygget vert i tråd med lokal byggeskikk.

Området er sjekka ut på Fylkesatlas sine temakart om sårbare og viktige naturverdiar. Forvaltninga kjenner og området rundt Fitjestøylen godt gjennom synfaring og andre saker. Kunnskapsgrunnlaget (jamfør nml § 8) er godt i denne saka, og «føre-var»-prinsippet i nml § 9 treng ikkje brukast.

Tiltakshavar er ansvarleg for å unngå skade på terrenget rundt bygget, og må syte for skikkeleg opprydding etterpå. So lenge dette vert gjort skikkeleg, vil ikkje nml § 11 om miljøforringing og erstatning vere aktuell.

Verneområdeforvaltaren vurderer det slik at bygging av det omsøkte grindbygget ikkje er i strid med verneføremålet for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og innanfor det som er fagleg forsvarleg å tillate i verneområdet.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	5/2017	30.03.2017

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om løyve til å bygge gjetarhytte

Saksprotokoll ST 5/2017 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.03.2017

Vedtak

1.

Risbotnen beitelag og Dag Bakketun får løyve til å bygge gjetarhytte nord for Blåvatnet i Gloppen kommune. Gjetarhytta skal byggast slik som teikningane syner, med grunnflate på inntil 5,2 x 3,4 m, saltak, liggande kledning og takplater.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3.c) og gjeld på følgende vilkår:

- Søkjar, verneområdeforvaltar og representantar for villreininteressene skal ha synfaring i beiteområdet for å finne beste plassering av gjetarhytta.
- Fargeval skal godkjennast av verneområdeforvaltaren
- Tiltakshavar er ansvarleg for å rydde opp etter byggearbeida.
- Tiltakshavar må søkje om eventuelle løyve dersom det skal nyttast motorisert transport av materialar og utstyr i samband med bygginga.
- Når bygginga er ferdig skal hytta dokumenterast, enten med foto eller synfaring.
- Hytta skal vere open slik at den fungerer som «nødbu» for andre brukarar i området.

2.

Verneområdestyret merkar seg innspela frå villreininteressene i denne saka, og kjenner til problematikken kring ferdsel i kalvingsområda i tida før og under kalving.

Forvaltningsstyremakta skal, saman med villreininteressene, bli samde om korleis ein best mogeleg kan informere brukarar av verneområdet om korleis ein skal ivareta omsynet til reinen, spesielt i kalvingstida.

Framlegg til vedtak frå verneområdeforvaltar:

Risbotnen beitelag og Dag Bakketun får løyve til å bygge gjetarhytte nord for Blåvatnet i Gloppen kommune. Gjetarhytta skal byggast slik som teikningane syner, med grunnflate på inntil 5,2 x 3,4 m, saltak, liggande kledning og takplater.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3.c) og gjeld på følgande vilkår:

- Plassering av hytta i terrenget skal søkjar og verneområdeforvaltar finne ved synfaring på staden
- Fargeval skal godkjennast av verneområdeforvaltaren
- Tiltakshavar er ansvarleg for å rydde opp etter byggearbeida.
- Tiltakshavar må søkje om eventuelle løyve dersom det skal nyttast motorisert transport av materialar og utstyr i samband med bygginga.
- Når bygginga er ferdig skal hytta dokumenterast, enten med foto eller synfaring.
- Hytta skal vere open slik at den kan fungere som «nødbu» for andre brukarar i området.
- Gjetarhytta skal ikkje brukast i tida 1.april til 31.mai, av omsyn til kalvingstida til villreinen.


Dokument i saka:

- Søknad om å bygge gjetarhytte
- Vedlagte skisser
- Vedlagt kart som syner plassering
- Verneforskrift
- Forvaltningsplan
- Uttale frå Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Søknaden

Risbotnen Beitelag og Dag Bakketun søker om å få sette opp ei gjetarhytte litt nord for Blåvatnet ved Risbotnen, inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Bakketun er grunneigar i området og leiger ut beitet til Risbotnen Beitelag. Gjetarhytta er eit samarbeidstiltak der Bakketun vert eigar av hytta.

Risbotnen Beitelag slepp årleg om lag 700 sau og lam på beite i dette området. Dei har låg tapsprosent og vil gjerne halde denne på eit låg nivå. Ei gjetarhytte her vil gjere påkravd tilsyn og oppfølging av dyra lettare. Gjetarhytta vil og vere til nytte for beitelaget på Vona i Naustdal, som har tilgrensande beiteområde.



Gjetarhytta er tenkt oppført som ei enkel hytte på 3,4 x 5,2 meter, totalt 17,7 m². Hytta skal ha liggande kledning og plater på taket. Det skal vere omn i hytta, og dermed vert det ei enkel pipe på taket. Som fundament vert det truleg bora ned sko eller liknande, det kan og vere aktuelt å bruke stein som fundament. Det skal ikkje støypast fundament. Hytta skal bardunerast fast og festa må boltast i fjell.

Regelverk

Oppføring av bygningar i landskapsvernområdet er i utgangspunktet forbode. Men forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til oppføring av nye bygningar til enkelte føremål og på visse vilkår. Eit av desse føremåla er bygningar som er naudsynte til landbruksdrift, jamfør verneforskrifta § 3 pkt. 1.3.c):

1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

[...]

c) Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift som ikkje er i strid med verneformålet i samhøve med forvaltningsplanen etter § 5. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.

Det er altså heimel i verneforskrifta til å gje løyve til tiltaket, dersom forvaltningsstyresmakta definerer bygget som «naudsynt».

Vurdering

Forvaltningsstyresmakta må gjere to vurderingar i denne saka. Først må ein vurdere om gjetarhytta er definert som «naudsynt» for beitebruken til beitelaget, og derfor kan handsamast etter den aktuelle heimelen i verneforskrifta. Deretter må ein gjere ei fagleg og skjønsmessig vurdering om det er tilrådeleg å gje løyve til oppføring av gjetarhytta.

Det er vanskeleg å definere kva som er naudsynt og kva som ikkje er det i beiteområdet. Det er ikkje sannsynleg at beitebruken her vil opphøyra på kort sikt utan denne hytta. Men det er liten tvil om at ei slik hytte vil vere veldig nyttig for beitelaget. Det er krav til jamleg tilsyn på utmarksbeite og dette vert lettare å ha tilsyn om her er høve til overnatting i beiteområdet. Hyppig tilsyn vil vere med på å halde tapstala nede, som igjen er avgjerande for økonomi og dyrevelferd i sauehaldet.

Oppføring av gjetarhyttar og andre bygningar er omtala i forvaltningsplanen:
«[...]bygningane må vurderast som naudsynte for å kunne halde landbruksdrift (som regel snakk om beitebruk) på eit ønska nivå.»

Verneområdeforvaltaren vurderer det slik at denne gjetarhytta er viktig for beitebruk i området og innanfor definisjonen av «naudsynt» for landbruksdrift. Det er derfor juridisk grunnlag til å gje løyve til tiltaket med heimel i verneforskrifta. Det er likevel ikkje automatikk i at det vert gjeve løyve til bygging sjølv om det er heimel til det. Forvaltningsstyresmakta må gjere ei fagleg og skjønsmessig vurdering om det er tilrådeleg å gje løyve med omsyn til verneverdiar og naturverdiar. Det må og vurderast om bygningen er i tråd med lokal byggeskikk. I tillegg skal, jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, alle offentlege vedtak som kan verke på natur og miljø vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12.

Det er snakk om å føre opp ein ny bygning i eit verneområde, og det er snakk om å føre opp ein bygning i eit område kor det ikkje er bygningar frå før. Begge deler er kontroversielt og veldig strengt regulert. Det er i utgangspunktet nettopp slike tiltak landskapsvernområdet skal vernast mot. Paradoksalt nok er det nettopp dette som er poenget med ei gjetarhytte; å ha eit krypinn inne i beiteområda kor ein ikkje har andre bygningar som ein kan bruke. Det er ikkje uvanleg at ein har gjetarhytter langt inne i fjellet, vi har fleire dømer på det andre stader i Naustdal-Gjengedal. Dei fleste hyttene er oppført dei siste tiåra, og dermed relativt «moderne» sjølv om dei er enkle og nøkterne. Men vi har og spor av eldre gjetarhytter og andre små byggverk som syner at dette med å ha høve til ly og overnatting langt inne i beiteområda er eit gammalt fenomen. Gjetarhytter er omtala i forvaltningsplanen sine retningslinjer, og vi må då gå ut i frå at det skal vere ei viss opning for å oppføre slike hytter.

Det er villrein i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og i følgje kartgrunnlaget vi har tilgang til i Fylkesatlas, so vil hytta kome innanfor det som er definert som kalvingsområde for reinen. Villrein er ein art som er sårbar for uro, og særleg sårbar er den i tida rundt kalving. Ein bør unngå å auke ferdsel og aktivitet i kalvingsområda, i kalvingstida. Gjetarhytta skal brukast i samband med beitebruk og tilsyn med beitedyr. Beitedyra vert normalt ikkje slept i dette området før i juni månad som er etter kalvingstida. Det er derfor ikkje grunn til å tru at hytta vil føre til meir aktivitet i dette området i kalvingstida til reinen. Ein kan eventuelt legge vilkår til eit løyve om at hytta skal vere stengt i kalvingstida.

Sjølv om ei gjetarhytte ikkje fører med seg meir aktivitet i kalvingstida, vil jo sjølve bygningen kunne oppfattast som eit framandelement av villreinen. Villrein kan reagere på framandelement og nye installasjonar i leveområda sine. Men det gjelder først om fremst større installasjonar som påverkar landskapet meir, og særleg inngrep som lager «linjer» i terrenget, som kraftlinjer, gjerder og vegar. Erfaring og kunnskap kring villreinstammen i Naustdal-Gjengedal syner at den ikkje unngår bygningar i særleg grad, og verneområdeforvaltaren går ut i frå at reinen ganske raskt vil venne seg til ei ny, lita gjetarhytte.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane har fått tilsendt søknaden, og dei har sendt inn uttale til saka. Nemnda rår i frå bygging av gjetarhytta. Dei fryktar at ei hytte her vil verte eit turmål og føre til auka ferdsel i det som er eit viktig kalvings- og trekkområde for villreinen. Dei ber og verneområdestyret om å vurdere trongen for ei gjetarhytte som ikkje ligg meir enn ein knapp times gonge frå bilveg og støylsgrend, då dette kan skape presedens og opne for bygging av fleire gjetarhytter

Ut i frå dei kartdata og kunnskap vi har tilgjengeleg, kan ein ikkje sjå andre sårbare førekomstar som kan verte påverka negativt av tiltaket. Dette er eit område forvaltninga har god kjennskap til, og kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg (jamfør nml § 8).

Det er søkt om å bygge ei enkel hytte på 3,4 x 5,2 m flatemål, totalt om lag 17,7 m². Hytta vert rektangulær utan tilbygg, med liggande kledning og plater på taket. Gjetarhytta vil ha ei enkelt og nøktern utforming, noko som er typisk for gjetarhytter både i Naustdal-Gjengedal og generelt sett. I retningslinjene for bygningar i forvaltningsplanen står det at gjetarhytter skal vere maks 25 m², og denne hytta er derfor godt innanfor ramma der. Skissene av hytta er inspirert av andre gjetarhytter lengre aust i verneområdet, og følgjer soleis det vi kan kalle lokal byggeskikk for gjetarhytter. Det er ikkje sagt noko om kva for farge hytta skal vere i. Her bør det veljast ein farge som ikkje gjer hytta meir synleg i landskapet enn naudsynt. Litt mørke tonar av grått og brunt er gode alternativ.

Verneområdeforvaltar har vore i kontakt med fylkeskommunen si kulturavdeling, som er faginstans på byggeskikk. Kulturavdelinga har kome med gode innspel og råd, men ikkje kome med føringar eller formell uttale til saka. Innspel og råd er formidla vidare til søkjarane.

Jamfør nml § 10 om samla belastning, skal det vurderast om tiltaket kan auke den samla belastninga på eit område meir enn kva som kan akseptast. Då skal ein ikkje berre vurdere det aktuelle tiltaket isolert, men ein må og vurdere belastning av liknande saker i framtida som følgje av presedensverknad av tiltaket. Sjølv om løyve til eit enkelt tiltak ikkje har so stor negativ verknad, so kan verknaden verte større av at ein då har lagt seg på ein praksis og må gje liknande løyver seinare. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har ikkje handsama søknader om ny gjetarhytte tidlegare, og ein må derfor ta omsyn til presedensverknaden av denne saka.

Det er heilt klart ikkje ynskjeleg med utstrakt bygging av nye gjetarhytter. Derfor står det i retningslinjene i forvaltningsplanen at gjetarhytter skal vere fellesprosjekt i regi av beite-/sankelag. Det er og ynskjeleg med samarbeidsprosjekt mellom fleire beite-/sankelag, slik at ein reduserer behovet for tal gjetarhytter totalt sett. Her er det eit beitelag som søker og dei skriv og at dei har samarbeid med beitelaget på Vona, nabolaget i sør. Retningslinjene i forvaltningsplanen, som skal redusere den samla belastninga, er altso oppfylt.

Naturmangfaldlova § 12 seier at ein skal velje den mest skånsame plasseringa. Gjetarhytta er tenkt plassert ganske langt inne i beiteområdet og ganske høgt oppe, og det er som nemnt tidlegare heilt bevisst. I sopass ope landskap utan skog er plassering i terrenget viktig. Ein bør unngå å plassere hytta slik at den vert markert og veldig synleg i landskapet. I eit landskapsvernområde skal ein ta vare på «landskapets art og karakter» og ein vil derfor unngå at dette vert påverka meir enn naudsynt.

Det vil derfor vere ein fordel å finne eit søkk eller ei lita hule der hytta forsvinn litt i terrenget. Samstundes må ein vurdere snøforholda, ein vil kanskje unngå at hytta vert liggande under snøen store delar av året. I tillegg må ein finne ei plassering med grunn der det er råd å ha stabilt fundament til hytta. Det å finne beste plassering av hytta i terrenget er umuleg å gjere på kart eller flybilete, det må ein gjere på staden. Ein bør derfor ha ei synfaring saman med søkjaren for å finne mest ideelle plassering. På denne synfaringa bør og villreininteressene vere representert.

Tiltakshavar ved eventuell bygging er ansvarleg for å rydde opp etter byggearbeidet, og eventuelle skader på naturen som bygginga skulle føre med seg, jamfør nml § 11.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	6/2017	30.03.2017

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - skjøtselsplan for støylemiljøa

Saksprotokoll ST 6/2017 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.03.2017

Vedtak

- Verneområdestyret gjev verneområdeforvaltaren i oppdrag og starte arbeidet med å få laga skjøtselsplan for dei viktigaste støylmiljøa i Naustdal-Gjengedal.
- Før arbeidet tek til, må det undersøkast kven som er interesserte i å vere med på dette arbeidet.
- Saka skal opp att for styret på møte kombinert med synfaring før sommarferien.

Bakgrunn

Forvaltningsstyresmakta har dei siste åra søkt om midlar til skjøtselsplanarbeid i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Målet med arbeidet er å få kartlagt kultur- og naturverdiar på og rundt støylane, og ikkje minst få råd om korleis vi best skal ta vare på desse verdiane.

I 2017 har Naustdal-Gjengedal verneområdestyre fått tildelt 80.000 kr til skjøtselsplanarbeid.

Handsaming i møte

Styret må legge føringar for korleis desse midlane skal brukast:

- Korleis skal vi få utarbeida skjøtselsplaner?
- Kven skal gjere det?
- Kva støylar/støylmiljø skal vere med?
- Kor detaljert skal arbeidet gjerast?

Verneområdeforvaltaren si vurdering

Det er særleg gledeleg at vi no har fått midlar til å få utarbeida skjøtselsplanar. Vi har hatt nokre skjøtselstiltak siste åra, men vi har eigentleg ikkje hatt noko skikkeleg fagleg grunnlag for kva tiltak vi skal gjere og korleis.

Dei støylane som ligg innanfor grensa til verneområdet er Dalsbøen, Arnestadstøylen, Fitjestøylen, Restøylen, Nesstølen, Nesrimma, Gotdalsstølen og Brekkestølen. Av desse so er særleg Dalsbøen, Arnestadstøylen og Fitjestøylen ganske store støylmiljø med 10 bygningar eller meir. Restøylen er og eit støylmiljø med fleire bygningar frå fleire gardsbruk. Dei resterande stølane er stort sett mindre stølar med 1-3 bygningar som tilhøyrrer same gardsbruk.

Det ligg mange støylar rett utanfor verneområdegrensa og i innfallsportane. Ideelt sett skulle ein fått laga skjøtselplanar for alle desse støylane og, men eg trur det er riktig å prioritere dei støylane som ligg inne i verneområdet.

Dei siste åra har vi hatt avtale om skjøtsel med grunneigarane på Arnestadstøylen. Dei har drive slått på støylskvia ein til to gongar kvar sommar, og fått dekkja kostnader og arbeidsinnsats inntil 10.000 kr per år. Erfaringane med skjøtelsesarbeidet er gode både hjå grunneigarar og forvaltninga, men vi veit strengt tatt ikkje om tiltaket vert gjennomført «riktig». På dei andre støylane har vi ikkje hatt skjøtelsesarbeid i regi av forvaltninga dei siste åra.

Vi «trenger» gode skjøtselstiltak i verneområdet. Det er viktig å ta vare på kulturlandskap og støylmiljø, sidan dette er ein del av verneføremålet. Vi trenger å vite korleis vi skal gjere dette riktig, og då trur eg det er best å leige inn fagfolk som kan hjelpe oss med det.

Ved kjøp av tenester i den storleik det her er snakk om (opptil 80.000) kjem vi ikkje opp i terskelverdiane som krev at arbeidet skal ut på anbod. Det er likevel eit prinsipp at det skal vere konkurranse på sal av tenester til det offentlege, og vi bør be fleire leverandørar om gje pris på eit slikt opplegg. Like viktig som pris på oppdraget, er aktuelle leverandørar si skildring av korleis dei vil gjere jobben, og kva dei kan levere som sluttprodukt.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	7/2017	30.03.2017

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler

Saksprotokoll ST 7/2017 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.03.2017

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtok følgende fordeling av tiltaksmidler for 2017.

Pri	Tiltak	Kostnads- overslag	Tildeling
1	Skjøtsel - slått på Arnestadstøyle	10000	10000
2	Skjøtsel - fjerning av gran	100000	0
3	Geitabykset - utbetring av sti	200000	300000
4	Stien langs Stegsvatnet	40000	50000
5	Stien til Arnestadstøyle	24000	24000
6	Tiltaksplan for stien langs Storevatnet	60000	0
7	Skilting	40000	0
8	Bruer	50000	0
9	Ulike stiltak	50000	66000
10	Trekloppar	30000	0
11	Løveskilt	7500	10000
	Sum	611500	460000

Det kan kome endringar gjennom året.

Bakgrunn

Etter Bestillingsdialogmøte 1 i fjor haust, sende verneområdestyret inn ei liste over 11 tiltak som styret ynskte midlar til. Desse hadde ein samla stipulert kostnad på totalt 611.500.

Pri.	Navn	Tiltakskategori	Tiltakstype	Verneområde	Øk. ansvarlig	Beløp
1	Skjøtsel - slått på Arnestadstøylen	Slått	Engslått	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde (VV00002748)	Forvaltningsm.	10 000
2	Fjerning av gran	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Uttak av uønskede treslag (ikke fremmede arter)	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde (VV00002748)	Forvaltningsm.	100 000
3	Utbetring av stien i Geltabykset	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde (VV00002748)	Forvaltningsm.	200 000
4	Stien langs stegsvatnet	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde (VV00002748)	Forvaltningsm.	40 000
5	Stien til Arnestadstøylen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde (VV00002748)	Forvaltningsm.	24 000
6	Stien langs Storevatnet	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde (VV00002748)	Forvaltningsm.	60 000
7	Skilting	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde (VV00002748)	Forvaltningsm.	40 000
8	Bruer	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde (VV00002748)	Forvaltningsm.	50 000
9	Ulike stiltak	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde (VV00002748)	Forvaltningsm.	50 000
10	Trekloppar	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde (VV00002748)	Forvaltningsm.	30 000
11	Nye løveskilt	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde (VV00002748)	Forvaltningsm.	7 500
12	Pott	Pott for gjennomføring av prioriterte tiltak			Forvaltningsm.	0
						611 500

Miljødirektoratet har tildelt Naustdal-Gjengedal verneområdestyre 460.000 i tiltaksmidlar for 2017. Dei har ikkje kommentert eller bedt om å avvente nokon av tiltaka. Med andre ord kan alle dei 11 innmeldte tiltaka prioriterast og tildelast midlar.

Styret bør merke seg at Naustdal-Gjengedal verneområdestyre for nokre år sidan «lånte» 50.000 av tiltaksmidlane til Ålfotbreen verneområdestyre. Ålfotbreen har fått lite midlar i 2017, so Naustdal-Gjengedal verneområdestyre bør ta høgde for at Ålfotbreen kan be om tilbakebetaling no i år.

Handsaming i møtet:

Styret må fordele dei tildelte tiltaksmidlane på dei tiltaka som er sett opp i lista. Styret kan og legge føringar og vilkår for bruken av midlane og for eventuelle justeringar/omfordeling gjennom året.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	8/2017	30.03.2017

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Besøksstrategi

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.03.2017

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre godkjente innhaldet i førebels framlegg til besøksstrategi for landskapsvernområdet.

Styret gav verneområdeforvaltaren i oppdrag å arbeide vidare med strategidokumentet og lage tiltaksplan som bygger på dei målsetningane og strategiske grepa som no er godkjent.

Bakgrunn

Prosjektgruppa (Iris, Rune og Alf Erik) har jobba med besøksstrategien i vinter. Etter at det meste av kunnskapsgrunnlaget vart kartlagt i fjor, har vi i vinter jobba med målsetningar og strategiske grep.

Vi har no eit utkast til besøksstrategi som vi legg fram for verneområdestyret.

Tiltaksplan er ikkje sett opp enno. Den må kome som eit resultat av strategiske grep, når dei er vedtekne av styret.

Handsaming i møtet

Verneområdestyret må ta stilling til det utkastet som prosjektgruppa har lagt fram. Særleg må styret ha fokus på målsetningane og på dei strategiske grepa.

Verneområdestyret kan kome med eventuelle endringar og tillegg til utkastet.

ST 9/2017 Eventuelt

Saksprotokoll ST 9/2017i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.03.2017

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre godkjente innhaldet i førebels framlegg til besøksstrategi for landskapsvernområdet.

Styret gav verneområdeforvaltaren i oppdrag å arbeide vidare med strategidokumentet og lage tiltaksplan som bygger på dei målsetningane og strategiske grepa som no er godkjent.